HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Fylkestinget**
**Møtestad:** Myrkdalen hotel, Vossestrand
**Dato og tid:** 11.06.2014, kl. 11.00-17.10
12.06.2014, kl. 09.00-15.15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Sveinung Valle | Medlem | A |
| Astrid F. Selsvold | Medlem | A |
| Nils-Olav Nøss | Medlem | A |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A |
| Siri Klokkerstuen | Medlem | A |
| Marianne Sandahl Bjorøy | Medlem | A |
| Toralv Mikkelsen | Medlem | A |
| Anne-Line Innvær | Medlem | A |
| Atle Kvåle | Medlem | A |
| Jette Lunemann Hansen | Medlem | A |
| Jane Kirsti Stangeland | Medlem | A |
| Helge Nævdal | Medlem | A |
| Inger Johanne Seim | Medlem | A |
| Øyvind Hardeland | Medlem | A |
| Terje Søviknes | Medlem | Frp |
| Roald Stenseide | Medlem | Frp |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | Frp |
| Silje Hjemdal | Medlem | Frp |
| Inger Signe Ulvund | Medlem | Frp |
| Gustav Bahus | Medlem | Frp |
| Rosalind Fosse | Medlem | Frp |
| Gunnar Bakke | Medlem | Frp |
| Tom-Christer Nilsen | Fylkesordførar | H |
| Mona Røsvik Strømme | Medlem | H |
| Birthe Eriksen | Medlem | H |
| Einar Lutro | Medlem | H Møtte 12. juni |
| Stein Inge Ryssdal | Medlem | H |
| Eli Årdal Berland | Medlem | H |
| Dan Stian Femoen | Medlem | H |
| Svein Halleraker | Medlem | H |
| Iril Schau Johansen | Medlem | H |
| Nils Marton Aadland | Medlem | H |
| Peder Sjo Slettebø | Medlem | H |
| Ingrid Reitan | Medlem | H |
| Børge Lunde | Medlem | H |
| Neshe Lie | Medlem | H |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Torill Selsvold Nyborg | Medlem | KrF |
| Pål Kårbø | Medlem | KrF |
| Aslaug Hellesøy | Medlem | KrF |
| Kristian Helland | Medlem | KrF |
| Elisabeth Næverlid Sævik | Medlem | KrF |
| Tom Sverre Tomren | Medlem | MDG |
| Natalie Antonia Golis | Medlem | MDG |
| Benthe Bondhus | Medlem | Sp |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jostein Ljones | Medlem | Sp | |
| Aud Karin Oen | Medlem | SV | |
| Tom Skauge | Medlem | SV | |
| Anne Beth Njærheim | Medlem | V | |
| Mona Haugland Hellesnes | Fylkesvaraordførar | V | Møtte 11. juni |
| Alf Helge Greaker | Medlem | V | |
| Bjørnar Hamre | Medlem | V | Møtte 11. juni |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Torill Vebenstad | Medlem | A |
| Marte Malones | Medlem | A |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | SP |
| John Opdal | Medlem | H |
| Inge Reidar Kallevåg | Medlem | H |

**Følgjande varamedlemmer møtte heile tinget:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Torill Helland | Torill Vebenstad | A |
| Anne Grete Eide | Marte Malones | A |
| Jon Askeland | Alexander Fosse Andersen | Sp |
| John Torsvik | John Opdal | H |
| Gunnar Hetland | Inge Reidar Kallevåg | H |

**Følgjande varamedlemmer møtte 11. juni:**

| Namn | Møtte for | Representerer | |
|---|---|---|---|
| Roe Lauvås | Einar Lutro | H | |
| Rolf Nesheim | Alf Helge Greaker | V | Møtte i sak 41/14 |

**Følgjande varamedlemmer møtte 12. juni:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Tore Turøy | Mona Hellesnes | V |
| Rolf Nesheim | Bjørnar Hamre | V |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Johnny Stiansen | Kst. fylkesrådmann |
| Anna Elisa Tryti | Fylkesdirektør kultur og idrett |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Svein Heggheim | Fylkesdirektør opplæring |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør regional utvikling |
| Arne Åsan | Fylkestannlege |
| Ingrid Kristine Holm Svendsen | Fylkesdirektør organisasjon |
| Janne Værnø | Kommunikasjonsdirektør |
| Gro Stien Thorvaldsen | Seniorrådgjevar/sekretær |

Tom-Christer Nilsen

Jostein Ljones

Aslaug Hellesøy

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 19/14 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 20/14 | Referatsaker (Meldingar) | | |
| RS 5/14 | Fylkestinget mars 2014 - møtebok | 2014/11715 | |
| RS 6/14 | Notat om inntak av lærlingar i Hordaland fylkeskommune | 2014/12694 | |
| RS 7/14 | Nytt Styrevervregister | 2014/15942 | |
| RS 8/14 | Vedtak om evaluering av plan for selskapskontroll 2012- 2016 | 2014/10496 | |
| RS 9/14 | Vedtak om evaluering av plan for forvaltningsrevisjon | 2014/10495 | |
| RS 10/14 | Årsmelding 2013 og protokoll frå Ungdommens fylkesting 2014 | 2014/560 | |
| RS 11/14 | Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne | 2014/11310 | |
| RS 12/14 | Høyring av utkast - Klimaplan for Hordaland - Fylkesdelplan | 2014/13622 | |
| RS 13/14 | Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i høve Business Region Bergen | 2014/15863 | |
| RS 14/14 | Forvaltningsrevisjon av innkjøpsfunksjonen i Hordaland fylkeskommune | 2014/16958 | |
| RS 15/14 | Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement 2013 | 2014/16674 | |
| RS 16/14 | Svar på spørsmål frå representanten Torill Selsvold Nyborg (Krf) på fylkestinget 11.mars 2014 | 2014/1015 | |
| RS 17/14 | Årsmelding for 2013 frå Fylkeseldrerådet | 2014/557 | |
| RS 18/14 | Hordaland i tal - nr. 1, 2014 Folketal og demografi | 2014/16764 | |
| RS 19/14 | Orientering om val til styret i Business Region Bergen | 2014/1316 | |
| PS 21/14 | Interpellasjonar/spørsmål | | |
| FO 4/14 | Litt justering av innsendt interpellasjon. | 2014/16324 | |
| FO 5/14 | Interpellasjon og spærsmål til tingsete juni2014 | 2014/17343 | |
| FO 6/14 | Spørsmål i junitinget - Benthe Bondhus | 2014/16471 | |
| FO 7/14 | Skriftlig spm til Fylkestinget - Tom Skauge | 2014/17458 | |
| PS 22/14 | Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Revisjonsrapport | 2014/10537 | |
| PS 23/14 | Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport | 2014/862 | |
| PS 24/14 | Årsmelding for kontrollutvalet for 2013 | 2014/10504 | |
| PS 25/14 | Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt | 2014/12108 | |
| PS 26/14 | Oppstart av Fv 7 Lussandberget - rassikringsprosjekt | 2014/13969 | |
| PS 27/14 | Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017. | 2014/14434 | |
| PS 28/14 | Regional plan for Nordfjella - vedtak av plan | 2014/13171 | |
| PS 29/14 | Bompengepakken Stord vestside - søknad om forlenga imkrevingsperiode | 2014/11966 | |
| PS 30/14 | Kollektivstrategi for Hordaland | 2014/278 | |
| PS 31/14 | Finansrapport 1. tertial 2014 | 2014/927 | |
| PS 32/14 | Tertialrapport pr. 30. april 2014 - rekneskapsprognose | 2014/13022 | |

| | | |
|---|---|---|
| PS 33/14 | Areal til bussanlegg i Sunnhordland - kjøp av eigedomar | 2014/15801 |
| PS 34/14 | Godkjenning av årsrekneskapen 2013 | 2014/10498 |
| PS 35/14 | Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Forslag | 2014/13622 |
| PS 36/14 | Endring i sonestruktur | 2014/15892 |
| PS 37/14 | Årsmelding 2013 Hordaland fylkeskommune | 2014/15084 |
| PS 38/14 | Regionalt forskingsfond Vestlandet -  Årsrapport 2013 | 2014/14696 |
| PS 39/14 | Endringar i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune | 2014/15940 |
| PS 40/14 | Grieghallen IKS - Finansiering av Peer Gynt delen av Grieghallen - endra selskapsavtale | 2014/11674 |
| PS 41/14 | Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme | 2014/16381 |
| PS 42/14 | Forslag frå Tom Skauge om Nelson Mandela-plass | 2014/16906 |
| PS 43/14 | Søknad om fritak frå verv - nyval | 2014/1095 |
| PS 44/14 | Søknad om fritak frå verv i opplærings- og helseutvalet | 2014/1095 |
| PS 45/14 | Om mandat for utgreiing av 8-13 skule | 2014/10030 |
| PS 46/14 | Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS - avviklingsstyre | 2014/16220 |
| PS 47/14 | Ny E39 Os-Bergen og E39/Rv 580 Rådalskrysset. Avtale om grunnerverv til kollektivanlegg i Rådalen og massedeponi i Hordnesskogen. | 2014/11856 |
| PS 48/14 | Bergen-Os Bompengeselskap as - fylkeskommunal garanti for låneopptak | 2014/17338 |
| PS 49/14 | Vigo IKS - val av varamedlem til representantskapet | 2014/16131 |
| PS 50/14 | Konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen - val til prosjektorganisasjon | 2014/230 |
| PS 51/14 | Konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda - val til referansegruppe | 2014/16667 |
| PS 52/14 | Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv | 2014/1095 |
| PS 53/14 | Ymse | |

## PS 19/14 Godkjenning av møteinnkalling

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Vedtak**

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## PS 20/14 Referatsaker (Meldingar)

**Saksprotokoll i Fylkestinget - 11.06.2014**

**Vedtak**

Referatsaker 5-19/14 vart tekne til orientering.

**RS 5/14 Fylkestinget mars 2014 - møtebok**

**RS 6/14 Notat om inntak av lærlingar i Hordaland fylkeskommune**

**RS 7/14 Nytt Styrevervregister**

**RS 8/14 Vedtak om evaluering av plan for selskapskontroll 2012- 2016**

**RS 9/14 Vedtak om evaluering av plan for forvaltningsrevisjon**

**RS 10/14 Årsmelding 2013 og protokoll frå Ungdommens fylkesting 2014**

**RS 11/14 Årsrapport 2014 - Utdanning for vaksne**

**RS 12/14 Høyring av utkast - Klimaplan for Hordaland - Fylkesdelplan**

**RS 13/14 Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i høve Business Region Bergen**

**RS 14/14 Forvaltningsrevisjon av innkjøpsfunksjonen i Hordaland fylkeskommune**

**RS 15/14 Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement 2013**

**RS 16/14 Svar på spørsmål frå representanten Torill Selsvold Nyborg (Krf) på fylkestinget 11.mars 2014**

**RS 17/14 Årsmelding for 2013 frå Fylkeseldrerådet**

**RS 18/14 Hordaland i tal - nr. 1, 2014 Folketal og demografi**

**RS 19/14 Orientering om val til styret i Business Region Bergen**

## PS 21/14 Interpellasjonar/spørsmål

**Saksprotokoll i fylkestinget - 12.06.2014**

**INTERPELLASJONAR**

**Torill Selsvold Nyborg** hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

"Kristeleg Folkeparti vil med dette be om status når det gjeld mobbeombod og treårs-prosjektet her i Hordaland som Staten har tildelt oss, og som dei vil delfinansiera.

Fylkesordfører har uttalt seg negativ til mobbeombod både i NRK og i BT, og difor er det viktig for oss å vita om dette prosjektet vert realisert."

Fylkesordføraren svarte slik:

**"Status:**

- Det vart søkt om midlar til prøveprosjekt med mobbeombod 10. mai 2014.
- Fristen for å søkje var 10. mai 2014.06.
- 15. mai 2014 vart søknaden innvilga med NOK 500.000,- for 2014, og med atterhald om stortingsløyve: NOK 500.000,- for 2015.
- 13. mai 2014 vart prosjektsøknaden sendt som melding til opplærings- og helseutvalet 3. juni 2014 og til fylkesutvalet 19. juni 2014.

Så lenge fylkesutvalet ikkje aktivt stoppar prosjektet, vil det verte gjennomført."

**Torill Selsvold Nyborg** sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget takkar ja til samarbeid med Staten om eit treårig prosjekt med mobbeombod."

Torill Selsvold Nyborg trekte forslaget sitt.

**Aud Karin Oen** hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

**"Endringar i opptakssystemet, auka lærartettleik, kan det hindre fråfall?**
Tilstandsrapporten for den vidaregåande skulen 2012/13 synte oss at fråfallet i den vidaregåande skulen i Hordaland igjen er aukande, og at vi er dårlegare enn landssnittet på gjennomføring. Vårt
felles mål er å komme til 80 % gjennomføring innan 2015, og vi er truleg langt frå å nå det målet i tide. Vi politikarar kunne kan hende ha levd med å ikkje nå dette målet, om det ikkje var for at bak desse talae finn ein ofte ei personleg ulukke. Konsekvensane kan til dømes vere at den unge ikkje kjem seg inn i arbeidsmarknaden og vert trygda i ung alder.

Årsakene til fråfallet er mangfaldige, men heilt overordna og generelt er det viktig å seia at kampen for sosial utjamning er av det viktigaste vi kan gjera. Det er nemleg klår samanheng mellom foreldra sin utdanningsbakgrunn og fråfallet. Unge med foreldre som ikkje har fullført vidaregåande utdanning, har ein langt sterkare tendens til å slita enn andre. Det er difor vi treng ein betre nasjonal politikk for fordeling, rettferd og like sjansar for alle.

Innanfor Hordaland fylkeskommune sine avgrensa forvaltningsområde er det sjølvsagt dei vidare-gåande skulane som peikar seg ut i arbeidet mot fråfall, og både opplæringsavdelinga generelt og NY GIV-prosjektet spesielt kan vise til ein rikhaldig meny av tiltak. Mellom anna har det vorte jobba med ei rad ulike alternative ordningar for opplæring (vekslingsmodellen, produksjonsskule mv.) og for-sterka opplæring gjennom sommarskulen og leksehjelp via ideelle organisasjonar.

Den nemnde tilstandsrapporten slår fast at «elevar som ikkje kjem inn på første ønskje i vidaregåande opplæring» er i større fare for å falle frå i utdanninga. Årsaken til dette er truleg samansette. Men det er klart om elevar vert «utkonkurrert» av nærskulen sin, så kan det i seg sjølv vere demotiver-ande. Dette rammar både elevar som bur i byen og i distrikta, men mest dei som bur i distrikta som kan risikere å måtte reise over lange avstandar, med fleire bussbyte. Vidaregåande skular melder om forseintkoming, og elevar som vert frakta på kryss og tvers, såkalla «eksoselevar». Somme elevar startar skulereisa i sekstida og er gjerne heime i halv sekstida om ettermiddagen.

Den harde sorteringa av elevar har sjølvsagt også ført til ei hardare sorteringa av skular. Skular vert såkalla A-, B- og C-skular gjennom offentlege lister med karaktersnitt, med påfølgjande stigmatisering av både skular og elevar. Men det er inga eintydig forsking som stør at læring i homogene
miljø er betre enn i godt blanda klassar. Likevel er det det som no skjer. Pressa melder også no om at det i sentrumskulane er stor overvekt av jenter, fordi dei har betre karakter enn gutar.

En lærar kan ikkje gjere underverk aleine, men mellom anna professor Thomas Nordahl har vore inne på at relasjonen mellom elev og lærar kan være heilt avgjerande for motivasjon og læring. Læraren skal vere «støttende og ha forventninger om utvikling» (sitert på Udir.no, nov.2012). Men er det mogeleg å gjere dette til norma for lærargjeringa når skulebudsjetta er prega av kutt og innstraming på timar.

1. Ville ein overgang til eit geografisk opptakssystem kunne ha minka fråfallet i den vidaregåande skulen?
2. Kor stor er lærartettleiken i den vidaregåande skulen no samanlikna med til dømes for fem år sidan?
3. Har sentrumsskulane ei skeiv kjønnsfordeling, og er eventuelt dette eit problem?
4. Er fråfallet i distrikta større enn i byar og tettstrok?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Spørsmål 1
I Hordaland er alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane eitt inntaksområde. I praksis fungerer det som regel slik at elevar som bur utanfor Stor-Bergen søkjer seg til næraste vidaregåande skule som har tilbodet dei ønskjer seg. Dei fleste får også tilbod om skuleplass der. I Bergen ligg skulane tettare, og elevane sitt søkjemønster er meir uavhengig av geografisk plassering, men framleis er det slik at elevane i stor grad kan bu heime.

Det er mange faktorar som påverkar gjennomføringsgraden til elevane. Det er difor vanskeleg å
samanlikne Hordaland sine gjennomføringstal med andre fylkeskommunar som har eit geografisk styrt inntak.

Spørsmål 2
I Statistisk sentralbyrå sin Kostra-statistikk for fylkeskommunane finn ein at det i Hordaland i 2013 var 9,5 elevar pr. lærarårsverk. I 2010 var det tilsvarande talet 8,9.

Spørsmål 3
Dersom ein legg til grunn at sentrumsskulane er Årstad vgs, Bergen Handelsgym, Bergen katedralskole, Bergen maritime skole, Bjørgvin vgs og Tanks vgs viser tala at 49,7 % av elevane ved desse skulane er jenter.

Går ein inn på tala til den einskilde skule finn ein at skulane med unnatak av Bergen maritime skole har mellom 48,0 og 60,4 % jenter. Ved Bergen maritime skole er det 11,8 % jenter. Denne skulen tilbyr tradisjonelle "gute-fag" som elektrofag og teknikk og industriell produksjon. Begge tilboda er retta mot maritime miljø.

Spørsmål 4
Tabellen under syner del elevar som har slutta pr. region inneverande skuleår. Av tabellen går det fram at fråfallet er lågast i Sunnhordland.

| | Sunn-hordl. | Voss/ Hard. | Bergen - Sør | Bergen Nord | Bergen sentrum | Vest | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Prosent elevar som sluttar i løpet av året (2013/2014) | 3,4 % | 3,8 % | 4,1 % | 5,3 % | 7,6 % | 6,3 % | 5,2 %" |

**SPØRSMÅL**

**Aud Karin Oen** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I media kan ein igjen lesa om "datakaos" på dei vidaregåande skulane. SV har i fylkesutvalet i mars spurd om dette og fått forsikringar om at "alt er på stell". No skapar dette store overskrifter i media att og leiaren for helse og opplæring forsikrar at dette ikkje skal skje igjen.

Er dette eit reelt problem? I så fall: kva tiltak er satt inn?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"I saka frå BT 22.05.2014 blir det vist til utfordringar som har oppstått i samband med innføring av
privateigde elevmaskiner hausten 2013.

Ei utfordring har vore at nokre elevar ikkje har stilt med maskin til skulestart. Ettersom ordninga var ny i fylket rekna nok mange elevar og føresette med å få tildelt maskin på skulen som i tidlegare år.
Resultatet blei at mange venta med å bestille maskin til etter skulestart. I tillegg blei det forseinkingar i leveransen frå leverandør, dei elevane som bestilte innan ein frist fekk ikkje maskin før skulestart som lova.

Leverandøren har nå gjennomført tiltak for å få til ein raskare leveranse. Samstundes vil elevane
komande skuleår i større grad vere førebudde på ordninga som betyr at fleire vil bestille maskiner
tidleg og vil dermed få dei levert innan skulestart.

Ei anna utfordring var distribusjon av programvara Office. Problemet med distribusjon vil løysast ved at Hordaland fylkeskommune til hausten går over til Office365. Det betyr ein enklare distribusjon og installasjonsprosess.

Gjennom skuleåret 2013/2014 har skulane opparbeidd erfaring med bruk av privateigde elev-maskiner. Saman med dei tiltaka som no er iverksett på bakgrunn av erfaringane vil komande skuleår by på færre utfordringar."

**Benthe Bondhus** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**"Vedr. høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma**
Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i skriv av 14. mai d.å. utarbeidd eit framlegg til lovendring av kommunelova som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane!
Framlegget går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av Fylkesmannen.

Er fylkeskommunen ein høyringspart i dette?

Kva konsekvensar vil dette eventuelt få for kommunar sitt samarbeid med Hordaland fylkeskommune."

Fylkesordføraren svarte slik:

1. "Ja, fylkeskommunen er høyringspart.

2. Føremålet med framlegget til lovendring er å sikre at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Det er ikkje meininga å avgrense den normale aktiviteten i kommunane. Eg kan difor vanskeleg sjå at lovendringa vil ha nokon konsekvens for kommunar sitt samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Det er lite truleg at eventuelt sal eller utleige av eigedomar frå fylkeskommunen til kommunar kan bli oppfatta som ”uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma”.

**Tom Skauge** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**"Demokratisk innovasjon i fylkeskommunen - et bidrag til grunnlovsjubileet**
"200-årsmarkeringen for Norges grunnlov markerer ikke slutten på en historie. Det innbyr heller til å se fremover», skrev Stortingspresident Olemic Thommesen i Aftenposten på åpningsdagen for grunnlovsfesten. Han la til: "Det er en stor styrke dersom vi klarer å videreføre en samlende grunnlov som alle borgere kan identifisere seg med. Hvordan kan vi bruke jubileet til å øke demokratisk deltagelse og engasjement?"

I Hordaland fylkeskommune kan vi tenke at denne debatten ikke angår oss ettersom vår demokrat-iske institusjon er varslet nedlagt eller omorganisert. Alternativt kan vi bruke anledningen til å utvikle vår etasje i det norske demokratiske hus. Slik kan vi ta med oss best mulige demokratiske modeller til en eventuell nyorganisering.

De kommunale selvstyreverdiene er ofte omtalt som demokrati, frihet og effektivitet. Demokratiske
reformer bør ha som mål å styrke folkelig nærhet, representativitet og demokratisk variasjon.

Jeg skal her foreslå fem reformer som fylkeskommunen bør vurdere:

**Representantforslag:**
Representantforslag er i bruk i Stortinget (Dok 8) og i Bergen kommune (Reglementets kapittel 7). Ordningen gjør det mulig å sette frem et begrunnet forslag fra en eller flere politisk valgte representanter.

**Innbyggerinitiativ:**
Innbyggerinitiativ er i bruk i Bergen etter vedtak i 2004. Ordningen er forankret i kommunelovens
§ 39a. Initiativretten kan brukes både av enkeltpersoner og organisasjoner. Bergen kommune krever minst 300 underskrifter av personer som er registrert i kommunen.

**Muntlige innlegg:**
Erfaringer fra vanskelige saker er at det blir oppfattet som udemokratisk når velgerne ikke har kanaler for å slippe til med innlegg i komiteene. I Bergen kommune heter det: "Hvis du har synspunkter til en sak bystyrekomiteene har på sakskartet, kan du komme i komiteen for å holde et muntlig innlegg. Dette må meldes på forhånd til Bystyrets kontor."

**Faglig-demokratisk åpenhet:**
HFK har svært dyktige fagpersoner. Det er en styrke for godt opplyste saker som er til politisk behandling. Det ligger imidlertid en asymmetri i kapasitet og oppmerksomhet mellom fag og politikk. KVU-ordningene som er etablert i større saker har institusjonalisert en faglig tradisjon som legger stor vekt på å vurdere ulike mål og ulike virkemidler for å nå ønskede mål. HFK bør gjennnomgå sin praksis med sikte på å ta i bruk KVU-strategien for utredning i flere sakser.

**Anbud:**
HFK har tatt i bruk anbudsordning forvaltning av kollektivtilbudet. Ordningen bør før nye store utlysninger bli vurdert for økonomisk effektivitet og for demokratisk innsyn. Viktige kostnader ved anbudsordninger er transaksjonskostnader som kommer av stort arbeid med detaljering av anbudsgrunnlaget og uenighet om inngåtte avtaler.

Kan det tenkes at HFK også kan gjøre erfaringer som i andre europeiske land at regningen kommer to ganger ved anbud? – Først ved inngåelse av avtale om økonomisk godtgjørelse, -og seinere dersom privat aktør kaster kortene: Det offentlige må også ta kostnadene med å rydde opp.

**Demokratisk kunnskap:**
HFK innheter eller forvalter omfattende kunnskap om hordalandssamfunnet som er relevant for innbyggerne. Eksempler er kunnskap om miljø, forurensning, trafikk og tilgang på offentlige tjenester. Terskelen for fylkets innbyggere er fortsatt for stor for å få lett tilgang til kunnskap fylkeskommunen administrerer.

Spørsmål til fylkesordfører:

Vil fylkesordføreren ta initiativ til å vurdere

1. utvidede initiativrettigheter for innbyggere og for folkevalgte i fylkets demokratiske organ?
2. vurdere å be om at flere saker som skal frem til politisk behandling blir opplyst etter KVU-metoden?
3. en gjennomgang av erfaringene HfK har ved anbudsordningene som er tatt i bruk?
4. hvordan relevant offentlig innhentet kunnskap kan bli mer tilgjengelig for fylkets innbyggere?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Spørsmål 1
Hordaland fylkeskommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen. Det innebærer noen forskjeller i styringsstruktur sammenlignet med parlamentarisme. Representanten Skauge har som bakgrunn for sitt spørsmål vist til ordninger i Stortinget og i Bergen kommune. Dette er begge organer med parlamentarisk styreform.

Fylkestinget har behandlet spørsmålet om å innføre parlamentarisme og det ble sist nedstemt i fylkestinget i oktober 2010 da det ble gjort slikt vedtak:

> "Fylkestinget finn ikkje grunn til å gå vidare med vurderingane av parlamentarisme som styringsform."

Etter kommunelovens § 39a kan innbyggerne i fylket fremme forslag som gjelder fylkeskommunens virksomhet. Fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 % av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 500 underskrifter i fylket alltid tilstrekkelig.

Dette er en lovfestet rett for innbyggerne i Hordaland, og fylkesordføreren kan ikke se at det skulle være behov for ytterligere regler i tillegg. Så langt har det ikke vært fremmet innbyggerinitiativ overfor fylkeskommunen.

Når det gjelder begrunnede forslag fra en eller flere representanter i folkevalgte organer, viser jeg til at det utenom de konkrete sakene er anledning til, i forbindelse med bl.a. interpellasjoner, å fremme forslag og få disse stemt over. I samsvar med kommuneloven kan organet eller minst en tredjedel av medlemmene forlange en bestemt sak oppført på dagsorden på neste ordinære møte. Folkevalgt organ kan også treffe vedtak i sak som ikke er oppført på saklisten, hvis ikke møteleder eller en tredjedel av de møtende medlemmene motsetter seg det.

Jeg ser ikke helt at det skulle være behov for ytterligere ordninger innenfor formannskapsmodellen.

Spørsmål 2
Konseptvalgutredningsmetoden som representanten ønsker på et bredere felt er en omfattende og ressurskrevende prosess. Utarbeidelse av KVU blir et krav på stadig flere områder, og jeg mener det kan være fornuftig å "ile langsomt" med tanke på tid og ressurser som kreves for å gjennomføre en slik prosess. Det kan også være andre metoder som kan være like så hensiktsmessige i visse typer saker. Fylkesordføreren vil ikke nå legge opp til en endring på dette feltet.

Spørsmål 3
Det er ikke fra administrasjonens side lagt opp til en generell gjennomgang av erfaringene ved anbudsordningene, men for hvert nytt anbud på kollektivsektoren blir tidligere erfaringer vurdert.

Det er tidligere gjennomført forvaltningsrevisjoner av både kollektivtjenester, billetteringssystem og innkjøpsfunksjonen. Gjennom disse blir det vedtatt tiltak for videre oppfølging. Fylkesordføreren ser ikke behov for ytterligere gjennomgang på nåværende tidspunkt.

Spørsmål 4
Som representanten Skauge er inne på, forvalter fylkeskommunen stor kunnskap om samfunnet i fylket. Mye av kunnskapen blir gjort tilgjengelig gjennom konkrete saker som er til behandling i folkevalgte organ. Disse blir nå tilgjengelig elektronisk. Kunnskapen vil kunne finnes i saksframlegg og i vedlegg i form av større rapporter. I tillegg vil jeg peke på hjemmesiden til fylkeskommunen der rapporter og utredninger blir lagt ut for allmenn benyttelse. Det er også selvfølgelig anledning til å ta kontakt med fylkeskommunen og den enkelte fagavdeling for å få tak i relevant informasjon."

## FO 4/14 Litt justering av innsendt interpellasjon.

## FO 5/14 Interpellasjon og spærsmål til tingsete juni2014

## FO 6/14 Spørsmål i junitinget - Benthe Bondhus

## FO 7/14 Skriftlig spm til Fylkestinget - Tom Skauge

## PS 22/14 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Revisjonsrapport

### Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.
2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvelde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
    - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
    - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
    - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
    - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014**

**Handsaming i møte**

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av tilskotsforvaltning innan kulturområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Presentasjonen vart delt ut på papir i møtet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapporten på fylkestinget i juni 2014. Det er ønskjeleg at saka vert handsama på dag 1 av tingsetet, den 11.6.14.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.

2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvelde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
   - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
   - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
   - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
   - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Deloitte v/ Line Johansen presenterte revisjonsrapporten.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.

2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten "til rådvelde" blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.

3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
   - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
   - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24,
     § 25 og § 27.
   - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
   - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.

4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført, jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.

5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.

6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir

nytta i samsvar med føremålet.

8. Lage ein handlingsplan innan 01.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

## PS 23/14 Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune - revisjonsrapport

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar planen til orientering
2. Fylkestinget ber om at nødvendige ressursar vert stilt til rådvelde slik at tiltaka kan gjennomførast som planlagt.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.03.2014

### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga.

Yrkesopplæringsnemnda ber om ei sak korleis ressurser vert stilt til disposisjon slik at tiltaka kan bli gjennomført.

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 08.04.2014

**Ingrid Reitan** sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

> «Nytt pkt. 2: Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innenfor de eksisterende budsjettrammer.»

**Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

> «Endre siste kulepunkt slik: Kartlegge om elev- og lærlingeombud kan være ei føremålstenleg ordning.»

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke saman med Rasmussen sitt endringsforslag.
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 fekk 6 røyster og fall.
Reitan sitt forslag til nytt pkt. 2 vart vedteke med 7 røyster (H/FRP/V).

### Innstilling

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| 1 | *Undersøkje om det er mogleg på ein syste-matisk måte å sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemder.* | Ferdig 15.4.14 | Årleg gjennomgang av bedriftsdata-basen, årlege lister frå opplærings-kontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak | Fylkesdir. opplæring |
| 2 | *Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopp-læringsnemnda over bedrifter som søkjer godkjenning* | Drøftast med YON innan 6.5.14. | Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar. | Fylkesdir. Opplæring |
| 3 | *Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å* | Informerer på rådgivarsamlingane med ungdoms-skulen og vg skule haust og | Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar.<br>Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidat- | Fylkesdir. opplæring |

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | *informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandi-datane* | vår. Informerer i møte med skule, lære-kandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanse-prosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning. | ordninga er for, og kva muligheiter som finst.<br>Syte for at ordninga vert omtalt godt i søkjarhandboka. | |
| 4 | *Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon* | Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjett-arbeidet. | Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover. | Fylkesdir.organisa-sjon |
| 5 | *Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risiko-vurderingar* | Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014<br><br>Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14 | Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.<br><br>Kvalitetssikre arbeidet med bedrifts-besøk<br><br>Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område | Fylkesdir. opplæring |
| 6 | *Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse* | Sjå i samanheng med punktet over<br><br>Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014<br><br>Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14 | Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.<br><br>Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.<br><br>Informasjon til lærlingar og bedrifter | Fylkesdir. opplæring |
| 7 | *Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktør-kurs* | Høg prioritet frå 1.1.14 og dei næraste 3-5 åra.<br><br>Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 3.6.14 | Auke kapasiteten ved å:<br>• Prøve ut eindagskurs<br>• Ha tilbod om kveldskurs<br>• Ha fleire bransjespesifikke kurs<br>• Auke talet på ordinære kurs<br><br>Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar | Fylkesdir. opplæring |
| 8 | *Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opp-læringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde* | Avklare rutinar innan juni 2014.<br><br>Samarbeidsprosjekt 1.9.-31.10.14. | Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga.<br>Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket.<br><br>Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL. | Fylkesdir. opplæring |
| 9 | *Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet* | Plan ferdig innan 30.6.14.<br>Iverksetting av tiltak frå 2015. | Følgjande tiltak kan vere aktuelle:<br>• Samarbeid med opplærings-kontora om informasjonsmøte for nye lærlingar<br>• Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye | Fylkesdir. opplæring |

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | | lærlingar utanfor oppl.kontor<br>• Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning | |

1. Fylkestinget tar planen til orientering
2. Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innenfor de eksisterende budsjettrammer.»

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Handlingsplan:

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Undersøkje om det er mogleg på ein syste-matisk måte å sikre at listene over lære-bedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemder. | Ferdig 15.04.2014 | Årleg gjennomgang av bedriftsdata-basen, årlege lister frå opplærings-kontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak | Fylkesdir. opplæring |
| 2 | Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplærings-nemnda over bedrifter som søkjer godkjenning | Drøftast med YON innan 06.05.2014. | Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar. | Fylkesdir. opplæring |
| 3 | Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandi-datane | Informerer på rådgivarsamlingane med ungdoms-skulen og vg skule haust og vår. Informerer i møte med skule, lære-kandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanse-prosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning. | Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar.<br><br>Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidat-ordninga er for, og kva muligheiter som finst.<br><br>Syte for at ordninga vert omtalt godt i søkjarhandboka. | Fylkesdir. opplæring |
| 4 | Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon | Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjett-arbeidet. | Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover. | Fylkesdir.organisa-sjon |
| 5 | Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør | Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014 | Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.<br><br>Kvalitetssikre arbeidet med | Fylkesdir. opplæring |

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar | Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.06.2014 | bedriftsbesøk.<br><br>Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område. | |
| 6 | Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevings-saker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse | Sjå i samanheng med punktet over<br><br>Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014<br><br>Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.06.2014 | Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.<br><br>Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.<br><br>Informasjon til lærlingar og bedrifter | Fylkesdir. opplæring |
| 7 | Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktør-kurs | Høg prioritet frå 01.01.2014 og dei næraste 3-5 åra.<br><br>Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 03.06.2014 | Auke kapasiteten ved å:<br>• Prøve ut eindagskurs<br>• Ha tilbod om kveldskurs<br>• Ha fleire bransjespesifikke kurs<br>• Auke talet på ordinære kurs<br><br>Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar | Fylkesdir. opplæring |
| 8 | Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opp-læringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på lære-plassar innanfor ulike fagområde | Avklare rutinar innan juni 2014.<br><br>Samarbeidsprosjekt 01.09.-31.10.2014. | Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga.<br><br>Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket.<br><br>Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL. | Fylkesdir. opplæring |
| 9 | Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet | Plan ferdig innan 30.06.2014. Iverksetting av tiltak frå 2015. | Følgjande tiltak kan vere aktuelle:<br>• Samarbeid med opplærings-kontora om informasjonsmøte for nye lærlingar<br>• Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye lærlingar utanfor oppl.kontor<br>• Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning | Fylkesdir. opplæring |

2. Fylkestinget tar planen til orientering.
3. Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innenfor de eksisterende budsjettrammer.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Jane Stangeland** sette fram slikt forslag:

> "Punkt 3 i innstillinga blir erstatta med nytt punkt 3:
> Fylkestinget ber om ei sak om korleis ressursar vert sett til disposisjon slik at tiltak kan bli gjennomført."

**Aslaug Hellesøy** sette fram slikt forslag:

> "Nytt punkt 2:
> Fylkestinget ber om at nødvendige ressursar vert stilt til rådevelde slik at tiltaka kan gjennomførast som planlagt."

Jane Stangeland trekte forslaget sitt.

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 29 røyster mot 28 røyster (KrF, A, SV, Sp, MDG) for Hellesøy sitt forslag.

**Vedtak**

1. Handlingsplan:

| | **Vedtak frå fylkestinget** | **Planlagt framdrift** | **Planlagde tiltak** | **Ansvar** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Undersøkje om det er mogleg på ein systematisk måte å sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheld avvikla verksemder. | Ferdig 15.04.2014 | Årleg gjennomgang av bedriftsdatabasen, årlege lister frå opplæringskontora på endringar i medlemsmassen, meir aktiv bruk av offentlege register for å sikre opplysningar, årleg orienteringssak | Fylkesdirektør opplæring |
| 2 | Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søkjer godkjenning | Drøftast med YON innan 06.05.2014. | Avklare roller, ansvarsfordeling, saksgang og rutinar. | Fylkesdirektør opplæring |
| 3 | Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og oppretthalde fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane | Informerer på rådgivarsamlingane med ungdomsskulen og vg skule haust og vår. Informerer i møte med skule, lærekandidat og bedrift før dei inngår opplæringskontrakt. Promoterer sluttproduktet etter grunnkompetanseprosjektet, eit hefte om Yrkesfagleg grunnutdanning. | Tettare samarbeid med bedriftene på deira premissar.<br><br>Samarbeid med OT/PPT, NAV og skulane om kven lærekandidatordninga er for, og kva muligheiter som finst.<br><br>Syte for at ordninga vert omtalt godt i søkjarhandboka. | Fylkesdirektør opplæring |
| 4 | Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon | Konklusjon i løpet av våren -14. Må sjåast på i samband med budsjettarbeidet. | Avklare kor mange lærlingar i kva fag som kan få plass i HFK i åra framover. | Fylkesdirektør organisasjon |
| 5 | Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar | Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014<br><br>Avklare ressurstilgang for bedriftsbesøk innan 30.06.2014 | Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.<br><br>Kvalitetssikre arbeidet med bedriftsbesøk.<br><br>Årleg besøke alle oppl.kontor og eit visst tal på bedrifter ut frå | Fylkesdirektør opplæring |

| | Vedtak frå fylkestinget | Planlagt framdrift | Planlagde tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| | | | fokus-område. | |
| 6 | Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevings-saker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse | Sjå i samanheng med punktet over<br><br>Lage plan for arbeidet innan 31.05.2014<br><br>Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.06.2014 | Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.<br><br>Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege "problemhevingar" og bedrifter med mange stryk.<br><br>Informasjon til lærlingar og bedrifter | Fylkesdirektør opplæring |
| 7 | Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktør-kurs | Høg prioritet frå 01.01.2014 og dei næraste 3-5 åra.<br><br>Sak om rutinar og opptrappingsplan blir lagt fram på møtet i OPHE 03.06.2014 | Auke kapasiteten ved å:<br>Prøve ut eindagskurs<br>Ha tilbod om kveldskurs<br>Ha fleire bransjespesifikke kurs<br>Auke talet på ordinære kurs<br><br>Kvalitetssikre innkalling og oppfølging av faglege leiarar | Fylkesdirektør opplæring |
| 8 | Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opp-læringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på lære-plassar innanfor ulike fagområde | Avklare rutinar innan juni 2014.<br><br>Samarbeidsprosjekt 01.09.-31.10.2014. | Avklare rutinar for arbeidet internt i opplæringsavdelinga.<br><br>Også inkludere læreplasstal i samband med prognoseinntaket.<br><br>Samarbeidsprosjekt med opplæringskontor i TIP og EL. | Fylkesdirektør opplæring |
| 9 | Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet | Plan ferdig innan 30.06.2014.<br>Iverksetting av tiltak frå 2015. | Følgjande tiltak kan vere aktuelle:<br>Samarbeid med opplærings-kontora om informasjonsmøte for nye lærlingar.<br>Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye lærlingar utanfor oppl.kontor<br>Kartlegge om elev- og lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning | Fylkesdirektør opplæring |

2. Fylkestinget tar planen til orientering.

3. Fylkestinget ber om at ressursbehovet for oppfølging av tiltaksplan dekkes innenfor de eksisterende budsjettrammer.

## PS 24/14 Årsmelding for kontrollutvalet for 2013

## Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2013 for kontrollutvalet.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2014**

**Handsaming i møte**

Det vart gjort nokre redigeringsmessige endringar i årsmeldinga.

Med desse endringane vart forslag til innstilling samrøystes vedtek.

**Innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2013 for kontrollutvalet.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2013 for kontrollutvalet.

## PS 25/14 Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014**

**Innstilling**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

**Saksprotokoll i Fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Nye Voss vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

## PS 26/14 Oppstart av Fv 7 Lussandberget - rassikringsprosjekt

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill kr inklusive meirverdiavgift (240 mill kr eksklusive mva).

2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling:**

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill kr inklusive meirverdiavgift (240 mill kr eksklusive mva).

2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill. kr inklusive meirverdiavgift (240 mill. kr eksklusive mva.).

2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Mona H. Hellesnes** sette på vegner av V, H og FrP fram slikt forslag:

> "Alternativ til punkt 2:
> Finansiering av prosjektet ut over tildelt ramme frå staten vert innarbeidd i budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018."

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.
Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 2.

**Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill. kr inklusive meirverdiavgift (240 mill. kr eksklusive mva.).

2. Finansiering av prosjektet ut over tildelt ramme frå staten vert innarbeidd i budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018.

## PS 27/14 Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014**

**Natalia Golis** (MDG) sette fram slikt forslag:

> «Nytt pkt. 3

Fylkestinget understreker behovet for landbruks rettleiingskompetanse og ber om at meldinga gjerast godt kjent til førstelinjetenestene ute i fylket»

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag 1 – 2 vart samrøystes vedteke
Golis forslag til nytt pkt. 3 fekk 3 røyster (MDG og KrF) og fall

**Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014**

**Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det vert sett i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i denne meldinga.

2. Fylkestinget ynskjer at landbruk vert etablert som eit punkt under Statistikk i vest.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Alf Helge Greaker** sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

> "Bruk av areal i urbane strøk, og andre relevante aspekt ved urban matproduksjon, må omtalast og takast med i dei kommande handlingsplanane og rullering av landbruksmeldinga."

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Greaker sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det vert sett i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i denne meldinga.

2. Fylkestinget ynskjer at landbruk vert etablert som eit punkt under Statistikk i vest.

## PS 28/14 Regional plan for Nordfjella - vedtak av plan

**Forslag til innstilling**

1. I medhald av plan- og bygningslovas §8-4 vedtar Fylkestinget i Hordaland Regional plan for Nordfjella, med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort med føresetnad av at dei to andre fylka fattar likelydande vedtak.

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. I medhald av plan- og bygningslovas §8-4 vedtar Fylkestinget i Hordaland Regional plan for Nordfjella, med plankart og planrapport datert 06.01.2014.
2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eige sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.
3. Vedtaket vert gjort med føresetnad av at dei to andre fylka fattar likelydande vedtak.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget,

**Innstilling til fylkestinget**

1. I medhald av plan- og bygningslovas § 8-4 vedtar fylkestinget i Hordaland "Regional plan for Nordfjella", med plankart og planrapport datert 06.01.2014.

2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eiga sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.

3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. I medhald av plan- og bygningslovas § 8-4 vedtar fylkestinget i Hordaland "Regional plan for Nordfjella", med plankart og planrapport datert 06.01.2014.

2. Fylkestinget ber om at det i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt fram ei eiga sak om vidare oppfølging av handlingsplanen.

3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

## PS 29/14 Bompengepakken Stord vestside - søknad om forlenga imkrevingsperiode

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.
**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Tom Skauge** sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

2) FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.
3) Oppslag om Bompengeinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (FRP).
Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (H).
Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 3 vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.
2. FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.
3. Oppslag om Bompengeinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1. januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.

2. FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.

3. Oppslag om bompengeinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart vedteken mot 8 røyster (Frp).

**Vedtak**

1. Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem-Sandvikvåg med to år til 1. januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.

2. FV 545 er ein viktig omkøyringsveg for E39 over Stord.

3. Oppslag om bompengeinnkrevjinga skal vera godt synleg på kaiplass, på ferjene og på billetten.

## PS 30/14 Kollektivstrategi for Hordaland

**Forslag til innstilling**

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.

2. Fylkestinget vedtek Kollektivstrategi for Hordaland, datert mai 2014.

3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

   Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

   Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Alf Helge Greaker** sette fram oversendingsforslag.

Samferdselsutvalet ber om å få eiga sak om depotstrategi som omhandlar korleis og i kva grad HFK/Skyss skal leige, eige og forvalte desse.

**Alf Helge Greaker** sette fram tilleggsforslag til pkt 2.

Det skal føreliggja ruteinformasjon på engelsk.
«Skuleruter» må gå i ordinær verkedagsdrift også utanom skuledagar.
For alle stamlinjer i distrikta, må prinsippet med korresponderande «matebussar» gjelda.

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til nytt pkt.

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt.

**Tom Skauge** sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

1) Fylkestinget sluttar seg til kollektivstrategien si vurdering av at den mest effektive måten å oppnå overgang frå privatbil til kollektivtransport er å kombinere ei byutvikling som reduserer transportbehovet med utbygging av eit godt kollektivtilbod og restriktive tiltak mot bilbruk, mellom anna trafikantbetaling og restriktiv parkeringspolitikk.

2) På grunn av forventa befolkningsvekst i Bergensområdet, vil utgifter til drift av kollektivtransporten auke så mykje at det etter Fylkestinget si meining vil vere behov for å bruke inntekter frå trafikantbetaling til dette tiltaket. Eit fornya Bergensprogram – Miljøringen Bergen - må sikre dette.

3) Fylkestinget ønskjer køfri kollektivtransport med kollektivfelt på alle innfartsårer til Bergen sentrum, inkludert ny E39 frå Os.

4) For å sikre et tenleg tilbod til arbeidsreisande meiner Fylkestinget at det er nødvendig å etablere et godt tilbod av direkteruter og ekspressruter som kan supplere de ordinere rutene både på buss og bybane.

5) Fylkestinget har som mål om at kollektivtransporten skal bli utslippsfri innan 2020.HfK må gå fremst i å ta i bruk ny motorteknologi. Vidare bygging av bybane, utviding av trolleybussnettet og anna miljøvenleg motorteknologi må derfor ha høg prioritet.

6) Fylkestinget støtter målet om å heve kvaliteten på haldeplassane. Får å få til ei ønska kvalitetsheving må haldeplassane vere reklamefrie, universelt utforma, velhaldne og tilby god informasjon om rutetilbodet. Viktige haldeplassar for overgang bør vere oppvarma.

**Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber fylkesrådmannen i neste rullering av strategien vurdera effekten av overgong til anbodsordning.

**Jostein Ljones** sette fram forslag om nytt pkt.

> "I område med lågt trafikkgrunnlag må Skyss leggje til rette for fleksible transportløysingar med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Særleg er dette viktig på kveldstid for å få idretts- og kulturlivet til å fungera.
> Det er eit samfunnsansvar at ein i grisgrendte strøk har eit tilbod som tek vare på eit rimeleg nivå av mobilitet for folk – utan bruk av bil. Koordinering av skuletransport og ordinær trafikk er eit godt verkemiddel, saman med t.d. bestillingstransport."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Alf Helge Greaker sitt forslag om tillegg til pkt 2 fekk 7 røyster (V, A, SP, SV, H(1)) og fall.
Oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker vart samrøystes vedteke oversendt.
Tom Skauge sitt forslag til nytt punkt vart vedteke med 8 røyster (SV, SP, A, V, KRF).
Tom Skauge sitt forslag til nye punkt i innstillinga fekk 1 røyst og fall.
Oversendingsforslaget frå Tom Skauge fekk 1 røyst og fall.
Jostein Ljones sitt forslag til nytt pkt vart vedteke med 8 røyster (SP, SV, A, KRF, V).

**Innstilling**

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.

2. Fylkestinget vedtek Kollektivstrategi for Hordaland, datert mai 2014.

3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

   Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

   Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

4 Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt.

5. I område med lågt trafikkgrunnlag må Skyss leggje til rette for fleksible transportløysingar med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Særleg er dette viktig på kveldstid for å få idretts- og kulturlivet til å fungera.
   Det er eit samfunnsansvar at ein i grisgrendte strøk har eit tilbod som tek vare på eit rimeleg nivå av mobilitet for folk – utan bruk av bil. Koordinering av skuletransport og ordinær trafikk er eit godt verkemiddel, saman med t.d. bestillingstransport.

**Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker**

Samferdselsutvalet ber om å få eiga sak om depotstrategi som omhandlar korleis og i kva grad HFK/Skyss skal leige, eige og forvalte desse.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen.

> "Denne representanten ber fylkesrådmannen leggje fram sak til samferdselsutvalet om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt."

**Røysting**
Hellesnes sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillaren.
Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Innstillinga punkt 4 fekk 7 røyster (A, Sp, SV KrF) og fall.
Innstillinga punkt 5 fekk 3 røyster (KrF, SV, Sp) og fall.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.

2. Fylkestinget vedtek "Kollektivstrategi for Hordaland", datert mai 2014.

3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si

kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområder og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Tom Skauge** sette fram slikt forslag:

"Nye punkt i innstillinga:

1. Fylkestinget sluttar seg til kollektivstrategien si vurdering av at den mest effektive måten å oppnå overgang frå privatbil til kollektivtransport er å kombinere ei byutvikling som reduserer transportbehovet med utbygging av eit godt kollektivtilbod og restriktive tiltak mot bilbruk, mellom anna trafikantbetaling og restriktiv parkeringspolitikk.

2. På grunn av forventa befolkningsvekst i Bergensområdet, vil utgifter til drift av kollektivtransporten auke så mykje at det etter fylkestinget si meining vil vere behov for å bruke inntekter frå trafikantbetaling til dette tiltaket. Eit fornya Bergensprogram – Miljøringen Bergen – må sikre dette.

3. Fylkestinget ønskjer køfri kollektivtransport med kollektivfelt på alle innfartsårer til Bergen sentrum, inkludert ny E39 frå Os.

4. For å sikre et tenleg tilbod til arbeidsreisande meiner fylkestinget at det er nødvendig å etablere eit godt tilbod av direkteruter og ekspressruter som kan supplere dei ordinere rutene både på buss, bybane og hurtigbåt.

5. Fylkestinget har som mål om at kollektivtransporten skal bli utslippsfri innan 2020. HFK må gå fremst i å ta i bruk ny motorteknologi. Vidare bygging av bybane, utviding av trolleybussnettet og anna miljøvenleg motorteknologi må derfor ha høg prioritet.

6. Fylkestinget støtter målet om å heve kvaliteten på haldeplassane. Får å få til ei ønska kvalitetsheving må haldeplassane vere reklamefrie, universelt utforma, velhaldne og tilby god informasjon om rutetilbodet. Viktige haldeplassar for overgang bør vere oppvarma.

7. Alle vegprosjekt med kostnad over 300 mill. i investeringskostnader skal ha ein klimarekneskap før endeleg vedtak om bygging."

**Alf Helge Greaker** sette på vegner av V, H og FrP fram slikt forslag:

"Tillegg:
I distrikta må prinsippet om korrespondanse mellom lokale linjer og hovudlinjene gjelde."

**Jostein Ljones** sette på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"I område med lågt trafikkgrunnlag må Skyss leggje til rette for fleksible transportløysingar med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Særleg er dette viktig på kveldstid for å få idretts- og kulturlivet til å fungera.

Det er eit samfunnsansvar at ein i grisgrendte strøk har eit tilbod som tek vare på eit rimeleg nivå av mobilitet for folk – utan bruk av bil. Koordinering av skuletransport og ordinær trafikk er eit godt verkemiddel, saman med t.d. bestillingstransport."

**Nils-Olav Nøss** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:
Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsvegane til Bergen med fire felt."

**Røysting**
Ljones sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.
Skauge sitt forslag punkt 1 fekk 23 røyster (SV, A, MDG, Sp) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 2 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 3 fekk 28 røyster (SV, A, MDG, Sp, KrF) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 4 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 5 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 6 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Skauge sitt forslag punkt 7 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Greaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt grunnlag for prioriteringar og utvikling av kollektivtrafikken i fylket, for å nå vedtekne mål for kollektivtransporten.

2. Fylkestinget vedtek "Kollektivstrategi for Hordaland", datert mai 2014.

3. Kollektivstrategien skal følgjast opp gjennom eit fireårig handlingsprogram for fylkeskommunen si kollektivsatsing, og skal leggast fram til politisk handsaming.

   Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil gjennomføre strategiane, med å peike på hovudinnsatsområde og større oppgåver som vil bli prioriterte i kommande periode.

   Handlingsprogrammet skal koordinerast mot fylket sin budsjett og økonomiplan, plan- og bygge-programmet for Bergensprogrammet og det øvrige fylkesvegnettet samt bruk av statlege finansieringsordningar.

4. I distrikta må prinsippet om korrespondanse mellom lokale linjer og hovudlinjene gjelde.

## PS 31/14 Finansrapport 1. tertial 2014

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2014 til orientering.

## PS 32/14 Tertialrapport pr. 30. april 2014 - rekneskapsprognose

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| | Stad | Art | | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 300 420 00 | 02301 | 00 | 07602 | Fylkesveginvesteringar | | 326 200 000 |
| 10 | 300 420 00 | 06201 | 00 | 07602 | Bompengar | 153 100 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08100 | 00 | 07602 | Overf. frå staten | 12 500 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08900 | 00 | 07602 | Overf. frå andre | 13 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 621 020 00 | 02301 | 00 | 06030 | Bergen Katedralskole | | 15 000 000 |
| 10 | 642 020 00 | 02301 | 00 | 06032 | Bergen tekn.fagskole | | 15 000 000 |
| 10 | 659 020 00 | 02301 | 00 | 06028 | Nye Voss vgs. | 55 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 773 200 00 | 06701 | 00 | 07318 | Sal av eigedomar | | 50 000 000 |
| 10 | 773 200 00 | 05480 | 00 | 07318 | Avsetjing til kapitalfond | 50 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 790 100 00 | 09100 | 00 | 09977 | Bruk av lån | 68 900 000 | |
| 10 | 790 110 00 | 07290 | 00 | 09977 | Momskompensasjon | 53 700 000 | |
| | | | | | | 406 200 000 | 406 200 000 |

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| | Stad | Art | | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 300 420 00 | 02301 | 00 | 07602 | Fylkesveginvesteringar | | 326 200 000 |
| 10 | 300 420 00 | 06201 | 00 | 07602 | Bompengar | 153 100 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08100 | 00 | 07602 | Overf. frå staten | 12 500 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08900 | 00 | 07602 | Overf. frå andre | 13 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 621 020 00 | 02301 | 00 | 06030 | Bergen Katedralskole | | 15 000 000 |
| 10 | 642 020 00 | 02301 | 00 | 06032 | Bergen tekn.fagskole | | 15 000 000 |
| 10 | 659 020 00 | 02301 | 00 | 06028 | Nye Voss vgs. | 55 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 773 200 00 | 06701 | 00 | 07318 | Sal av eigedomar | | 50 000 000 |
| 10 | 773 200 00 | 05480 | 00 | 07318 | Avsetjing til kapitalfond | 50 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 790 100 00 | 09100 | 00 | 09977 | Bruk av lån | 68 900 000 | |
| 10 | 790 110 00 | 07290 | 00 | 09977 | Momskompensasjon | 53 700 000 | |
| | | | | | | 406 200 000 | 406 200 000 |

**Saksprotokoll i Fylkestinget - 11.06.2014**

**Terje Søviknes** sette på vegner av FrP, H og V fram slikt forslag:

"Tilleggspunkt 3:

Fylkestinget viser til at investeringsrammene for fylkesvegnettet blir justert ned med 326,2 mill. i 2014, da prosjektene kommer senere til realisering enn planlagt.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen analysere årsakene til forsinkelsene og i samråd med Statens vegvesen fremme aktuelle tiltak for å sikre fremdriften/produksjonen i vedtatte prosjekt."

Det var 56 representantar til stades.

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

| | Stad | Art | | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 300 420 00 | 02301 | 00 | 07602 | Fylkesveginvesteringar | | 326 200 000 |
| 10 | 300 420 00 | 06201 | 00 | 07602 | Bompengar | 153 100 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08100 | 00 | 07602 | Overf. frå staten | 12 500 000 | |
| 10 | 300 420 00 | 08900 | 00 | 07602 | Overf. frå andre | 13 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 621 020 00 | 02301 | 00 | 06030 | Bergen Katedralskole | | 15 000 000 |
| 10 | 642 020 00 | 02301 | 00 | 06032 | Bergen tekn.fagskole | | 15 000 000 |
| 10 | 659 020 00 | 02301 | 00 | 06028 | Nye Voss vgs. | 55 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 773 200 00 | 06701 | 00 | 07318 | Sal av eigedomar | | 50 000 000 |
| 10 | 773 200 00 | 05480 | 00 | 07318 | Avsetjing til kapitalfond | 50 000 000 | |
| | | | | | | | |
| 10 | 790 100 00 | 09100 | 00 | 09977 | Bruk av lån | 68 900 000 | |
| 10 | 790 110 00 | 07290 | 00 | 09977 | Momskompensasjon | 53 700 000 | |
| | | | | | | 406 200 000 | 406 200 000 |

3. Fylkestinget viser til at investeringsrammene for fylkesvegnettet blir justert ned med 326,2 mill. i 2014, da prosjektene kommer senere til realisering enn planlagt.

   Fylkestinget ber fylkesrådmannen analysere årsakene til forsinkelsene og i samråd med Statens vegvesen fremme aktuelle tiltak for å sikre fremdriften/produksjonen i vedtatte prosjekt.

## PS 33/14 Areal til bussanlegg i Sunnhordland - kjøp av eigedomar

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr. 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 25.300.000.

2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr. 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 5.750.000.

3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

| | Stad | Art | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 30027000 | 02810 | 00010 | Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord | 25 300 000 | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 79010000 | 09100 | 09977 | Auka låneopptak | | 25 300 000 |
| | | | | | 25 300 000 | 25 300 000 |

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr. 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 25.300.000.

2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr. 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr. 5.750.000.

3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

| | Stad | Art | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg. meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 30027000 | 02810 | 00010 | Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord | 25 300 000 | |
| 10 | 79010000 | 09100 | 09977 | Auka låneopptak | | 25 300 00 |
| | | | | | 25 300 000 | 25 300 00 |

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 25.300.000.

2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo kommune for kr 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 5.750.000.

3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

| | Stad | Art | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 30027000 | 02810 | 00010 | Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord | 25 300 000 | |
| 10 | 79010000 | 09100 | 09977 | Auka låneopptak | | 25 300 000 |
| | | | | | 25 300 000 | 25 300 000 |

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 27 bnr. 811 i Stord kommune for kr 24.621.072, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 25.300.000.

2. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av gnr. 89 bnr. 122 og 127 i Bømlo

kommune for kr 5.550.000, med ei samla kostnadsramme ved overdraginga på kr 5.750.000.
3. Budsjettet for 2014 vert endra som følgjer:

| | Stad | Art | Prosjekt | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg meirinn |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | 30027000 | 02810 | 00010 | Bussanlegg - Øvre Sæ - Stord | 25 300 000 | |
| 10 | 79010000 | 09100 | 09977 | Auka låneopptak | | 25 300 00 |
| | | | | | 25 300 000 | 25 300 00 |

## PS 34/14 Godkjenning av årsrekneskapen 2013

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

**Torill Selsvold Nyborg** sette fram slikt forslag:

1. "Som fylkesrådmannen sitt forslag.
2. Kulturbudsjettet vert auka med 30 mill. kr.
3. Resten av overskotet vert avsett til disposisjonsfondet."

**Aud Karin Oen** sette fram slik protokollmerknad:

"SV kjem attende til saka i fylkestinget."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (KrF) for Nyborg sitt forslag.

**Innstilling til fylkestinget**

**Vedtak**
1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2013 vert godkjend.

2. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

**Protokollmerknad frå SV**
SV kjem attende til saka i fylkestinget.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Torill Selsvold Nyborg** sette på vegner av KrF, A, SV, Sp og MDG fram slikt forslag:

| | |
|---|---|
| "Ordinære ladepunkte el-bil | 4 mill. kr |
| Pilgrimsenter Røldal | 5 mill. kr |
| Trygg skuleveg | 12 mill. kr |
| Hurtigladepunkt el-bil | 5 mill. kr |
| Kompetanseheving lærarar | 10 mill. kr |
| Elev og lærlingeombod | 1 mill. kr |
| Prosjekt fleire psykologar i skulehelsetenesta | 10 mill. kr |
| Prøveordning einskapstakst Arna-Bergen | 3 mill. kr |
| Samla | 50 mill. kr |

Resterande overskot vert overført til fylkeskommunen sin disposisjonskonto."

**Røysting**
Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 2 vart vedteke med 29 røyster mot 28 røyster (KrF, A, SV, Sp og MDG) for Nyborg sitt forslag.

**Vedtak**

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2013 vert godkjend.

2. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

## PS 35/14 Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Forslag

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
   - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
   - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
   - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

   Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningsliner slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.

4 Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.

5 Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014**

**Tom Sverre Tomren** (MDG) sette fram slikt forslag:

> «Pkt 5 Endrast til:
> Fylkestinget vedtek at klimaplanens mål og strategiar skal overordnast andre regionale planar og målsettingar i Hordaland.»

**Natalia Golis** (MDG) sette fram slikt forslag:

> «Fylkestinget vedtek at 20% av parkeringsplassar skal være tilpassa El-bilar innan 2020»

**Natalia Golis** (MDG) sette fram slikt forslag:

> «Fylkestinget ber om at arbeidet med potensiell vindkraft trekkes sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020»

**Anne Beth Nærheim** (V) sette fram slikt forslag:

> «Nytt pkt. 6
> Kollektivsektoren skal vere utslippsfri frå 2025»

**Marianne Bjorøy** (A) sette fram slikt forslag:

> «Nytt pkt. 6 i innstillinga til vedtak:
> Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåelse på de enkelte tiltak»
> Nytt pkt. 12 under strategi 6.3
> Utrede muligheten for å utarbeide en felles profil på gjenvinning og kildesortering»

**Kristian Hjelland** (KrF) sette fram slik protokollmerknad:

> «KrF sluttar seg til innstillinga frå fylkesrådmannen og viser elles til handsaminga i Fylkestinget.»

Det var 12 representantar til stades då Anita Garlid Johannessen (Frp) ikkje var til stades under behandlinga av saka. KrF stemde blankt med grunngjeving i eigen protokollmerknad.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 5 vart samrøystes vedteke.
Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.
Golis sitt forslag «20% av parkeringsplassar skal være tilpassa El-bilar innan 2020» fekk 2 røyster (MDG) og fall.
Golis sitt forslag «arbeidet med potensiell vindkraft trekkes sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020» vart vedteke med 8 røyster (Frp, V, H, MDG) .
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Bjorøy sitt forslag til nytt pkt 6 fekk 5 røyster (Ap og MDG) og fall.
Bjorøy sitt forslag til nytt pkt 12 under strategi vart vedteke med 7 røyster ( A, V, MDG - med utvalsleiar si røyst)

**Innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
   Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
   Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
   Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.
   Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningsliner slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.

4 Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5 Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
6 Kollektivsektoren skal vere utslippsfri frå 2025
7 Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014 – 2020.

Nytt pkt. 12 under strategi 6.3 – tekstdelen:
Utgreie moglegheitene for å utarbeide ein felles profil på gjenvinning og kildesortering.

**Protokollmerknad frå Krf:**
KrF sluttar seg til innstillinga frå fylkesrådmannen og viser elles til handsaminga i Fylkestinget.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014**

**Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag:

> «Følgende tekst <u>utgår</u>:
> 5.2.4, side 45:
> Andre tiltak er køprising eller tidsdifferensierte bomsatser og restriksjoner på parkering.
> Side 48: Strategi C: Avgrense biltrafikk.
> Innføring av differensierte bompenger i Bergen i høve - Rushtid».

**Grete Line Simonsen** sette fram følgjande forslag:

> «Tillegg, kap. 5, strategi D (side 48) – **Nytt punkt 27**: Innan 2025 skal kollektivsektoren gjerast klimanøytral».

**Anette Netteland Dybvik** sette fram følgjande oversendingsforslag:

> «OPHE ønsker at det undersøkes om planretningslinjene i kap. 5.3 vil skape et ekstra forvaltningsnivå som kan komme i konflikt med det statlige regelverket som Fylkesmannen allerede forvalter idag».

**Røysting**
Fosse sitt forslag fekk 5 røyster (H/FRP) og fall.
Simonsen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (V/SP/KRF/H).
Dybvik sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Simonsen sitt forslag til nytt pkt.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
    - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
    - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
    - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

    Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningsliner slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.

4 Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.

5 Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 13.05.2014**

**Atle Kvåle** sette fram forslag til nytt pkt 6.

Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing.

**Alf Helge Greaker** sette fram forslag om tillegg til innstillinga

Kapittel 5, strategi D, nytt punkt: "Kollektivsektoren skal vera klimanøytral innan 2025."

Kapittel 5, strategi C, endra pkt 14: «Stimulere til bildeling, mellom anna gjennom tilrettelegging på parkeringsareal."

**Alf Helge Greaker** sette fram oversendingforslag

Samferdselsutvalet vil ved neste rullering av drosjemeldinga, nytte denne og tidlegare meldingar som grunnlag for nokre strategiske vedtak innanfor drosje- og løyvepolitikk.

**Tom Skauge** sette fram tilleggsforslag til innstillinga i 8 pkt

1 Fylkestinget ønskjer en klimaplan som tar utgangspunkt i visjonen om et karbonnøytralt samfunn.

2 Fylkestinget slutter seg til strukturen i klimaplanen med de 5 hovudtema energi, bygningar, arealbruk og transport, næring og teknologi og tilpassing til klimaendringar.

3 Hovudmål energi: Ifølge det Internasjonale Energibyrået vil over 50 % av de nødvendige klimakuttene måtte komme gjennom meir effektiv energibruk. Fylkestinget ber derfor om at ambisjonsnivået på feltet vert auka.

4 Energi: Fylkestinget ønskjer et betydelig løft for ENØK-satsinga i hele fylket som hovudstrategi innanfor energiområdet.

5 Bygningar: Fylkestinget ønskjer at det vert stilt krav om passivhusstandard i alle nybygg i fylket, og at det vert satsa på ENØK og utfasing av oppvarming ved hjelp av olje og gass i eksisterande bygg.

6 Areal og transport: For å kunne redusere klimagassutslepp, må

arbeidspendlinga i fylket verte mindre. Dette må innebere et nei til ferjefri E39, nei til økt bilvegkapasitet på Sotrasambandet og nei til ny rullebane på Flesland. Det må samtidig innebere et ja til kø- og utslippsfri kollektivtransport (kollektivfelt, bybane og trolleybuss, ja til et godt utbygd og samanhengande sykkelvegnett og ja til utbetring av tog strekninga Bergen-Voss. Fylkestinget vil understreke behovet for å innføre restriksjonar på biltrafikken gjennom kø prising, restriktiv parkeringspolitikk og inndraging av vegkapasitet til fordel for andre trafikantgrupper. Fylkestinget ønskjer ein plan for å motverke nedbygging av jordbruksareal i fylket.

7 Næring og teknologi: Fylkestinget meiner Hordaland må gå fremst i arbeidet med å førebu ny teknologi for et samfunn som er karbonnøytralt. Ettersom satsinga på CO2-fangst på gasskraftverket på Mongstad nå er avviklet, må også utsleppsløyvet for CO2 bli avvikla. Dette er eit av dei mest effektive klimatiltaka i Hordaland.

8 Tilpassing til klimaendringar: Hyppigare og kraftigare nedbør vil føre til meir flom og fleire ras i Hordaland. Rassikring bør derfor ha høy prioriteten i fordeling av vegmidlar i fylket. Føre-var-prinsippet må ligge til grunn for lokalisering av veg og boligfelt.

**Tom Skauge** sette fram forslag til nytt pkt.

Kollektivtransporten skal ha som mål å vera utsleppsfri innan 2020.

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Atle Kvåle sitt forslag til nytt pkt 6 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).
Alf Helge Greaker sitt forslag til strategi C fekk 5 røyster (V, SV, SP, KRF, H (1)) og fall.
Alf Helge Greaker sitt forslag til strategi D vart samrøystes vedteke.
Alf Helge Greaker sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst og fall.
Tom Skauge sitt forslag om tilleggspkt til innstillinga fekk 1 røyst og fall
Tom Skauge sitt forslag om nytt pkt fekk 2 røyster (SV, KRF) og fall.

**Innstilling**

1. Fylkestinget vedtar Klimaplan for Hordaland 2014-2030 med følgjande
    - Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
    - Mål for klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
    - Mål for energi: Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

    Mål for tilpassing til klimaendringar: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.
2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningsliner slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4 Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5 Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
6. Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing.
7. Kapittel 5, strategi C, endra pkt 14: «Stimulere til bildeling, mellom anna gjennom tilrettelegging på parkeringsareal.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

**Mona Røsvik Strømme** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Følgende tekst utgår:

5.2.4, side 45:
Andre tiltak er køprising eller tidsdifferensierte bomsatser og restriksjoner på parkering.

Side 48: Strategi C: Avgrense biltrafikk.
Innføring av differensierte bompenger i Bergen i høve - Rushtid".

**Marte Malones** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 8:

Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing på dei enkelte tiltaka."

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 6, alternativ til innstillinga:

Innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi."

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag a):

"Punkt 5 vert endra til:
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

**b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:**
- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

**c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:**
- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.

**d. Fråsegner**
- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

**3. Arbeidsform**
Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemer, samt fem varamedlemer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:
- leggje fram sakar som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

**4. Sakshandsaming**
For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

> "Punkt 4:
>
> 2. b, saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:
> Stryke .... vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.
>
> 2. c, saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:
> Tillegg - Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval."

**Røysting**

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Innstillinga punkt 4 ekskl. underpunkt 2. b og 2. c vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. C. Delegasjon etter særlov pkt. 41 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 72

   § 5-4 skal lyda:
   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdselsutvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

   § 12-10 skal lyda:
   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/ samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

2. D. Delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 skal lyda:

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

3. A. Reglement for sakshandsaming pkt. 19 skal lyda:

   Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

   Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særs omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

   Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

   Om spørsmål og interpellasjonar (grunngjevne spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.

4. A. Reglement for folkevalde organ nytt pkt. Reglement for Ungdommens fylkesting skal lyda:

   **REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING**

   Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan

Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

**1. Samansetjing**
Ungdommens fylkesting har 66 medlemer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

**2. Oppgåver**
**a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:**
- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

**b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:**
- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting.
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

**c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:**
- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

**d. Fråsegner**
- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

**3. Arbeidsform**
Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemer, samt fem varamedlemer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:
leggje fram sakar som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

**4. Sakshandsaming**
For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. C. Delegasjon etter særlov pkt. 41 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 72

   § 5-4 skal lyda:
   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/samferdsels-utvalet, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

   § 12-10 skal lyda:
   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå opplærings- og helseutvalet/ samferdselsutvalet, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

   Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

2. D. Delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 skal lyda:

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

   Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikal-nivået over fylkeskommunal veggrunn.

3. A. Reglement for sakshandsaming pkt. 19 skal lyda:

   Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

   Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særs omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

   Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

   Om spørsmål og interpellasjonar (grunngjevne spørsmål) til fylkestinget - sjå reglementet for fylkestinget.

4. A. Reglement for folkevalde organ nytt pkt. Reglement for Ungdommens fylkesting skal lyda:

   **REGLEMENT FOR UNGDOMMENS FYLKESTING**

   Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for ungdom i Hordaland, og for Ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan Ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innanfor eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i sakar som vedkjem ungdom.

   **1. Samansetjing**
   Ungdommens fylkesting har 66 medlemer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

**2. Oppgåver**
**a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde:**
- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- Gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

**b. Saker der Ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde:**
- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Ungdommens fylkesting.
- Saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna, planprogram, budsjett og val av Ungdommens fylkesutval.

**c. Saker der Ungdommens fylkesting gjev tilråding:**
- Saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom.
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

**d. Fråsegner**
- Ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

**3. Arbeidsform**
Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på Ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemer, samt fem varamedlemer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobbe med Ungdommens planprogram som vert vedteke på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapet.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:
- leggje fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

**4. Sakshandsaming**
For Ungdommens fylkesting gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

## PS 40/14 Grieghallen IKS - Finansiering av Peer Gynt delen av Grieghallen - endra selskapsavtale

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner ombygging av Peer Gynt delen av Grieghallen for 35 mill. kr på vilkår av at ombygginga vert finansiert ved auka husleige frå Grieghallen AS til Grieghallen IKS.

Fylkestinget godkjenner at § 9 i selskapsavtalen for Grieghallen IKS vert endra slik:

> «Selskapet kan ta opp lån til investeringsformål og til refinansiering av gjeld. Øvre låneramme settes til 340 mill. kr. Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andre økonomiske forpliktelser.»

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner ombygging av Peer Gynt-delen av Grieghallen for 35 mill. kr på vilkår av at ombygginga vert finansiert ved auka husleige frå Grieghallen AS til Grieghallen IKS.

Fylkestinget godkjenner at § 9 i selskapsavtalen for Grieghallen IKS vert endra slik:

"Selskapet kan ta opp lån til investeringsformål og til refinansiering av gjeld. Øvre låneramme settes til 340 mill. kr. Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andre økonomiske
forpliktelser."

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Pål Kårbø** stilte spørsmål om han var ugild sidan han er styremedlem i Grieghallen AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Pål Kårbø var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Kårbø gjekk frå under røystinga.

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget godkjenner ombygging av Peer Gynt-delen av Grieghallen for 35 mill. kr på vilkår av at ombygginga vert finansiert ved auka husleige frå Grieghallen AS til Grieghallen IKS.

Fylkestinget godkjenner at § 9 i selskapsavtalen for Grieghallen IKS vert endra slik:

> "Selskapet kan ta opp lån til investeringsformål og til refinansiering av gjeld. Øvre låneramme settes til 340 mill. kr. Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andre økonomiske forpliktelser."

## PS 41/14 Bergen Bompengeselskap AS - utvida garantiramme

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompengeselskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

**Inge Reidar Kallevåg** og **Torill Selsvold Nyborg** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompenge-selskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Alf Helge Greaker** og **Torill Selsvold Nyborg** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Rolf Nesheim møtte for Greaker i saka.

Det var 56 representantar til stades.

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 5 800 mill. kr som Bergen Bompenge-selskap AS tar opp i samband med gjennomføring av prosjekt i Bergensprogrammet.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2027.

## PS 42/14 Forslag frå Tom Skauge om Nelson Mandela-plass

**Forslag til innstilling**

Saka vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.06.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

> "Nytt:
> Fylkestinget ber om at det vert utreda om ein plass ved eller på ein av dei vidaregåande skulane i Hordaland kan verte gjeve Nelson Mandela sitt namn."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag..

**Innstilling til fylkestinget**

Saka vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Tom Skauge** sette fram slikt forslag a):

> "Fylkestinget oppmodar Bergen bystyre om å gje eit byrom Nelson Mandelas namn."

**Tom Skauge** sette fram slikt forslag b):

> "Fylkestinget ber om at det vert utreda om ein plass ved eller på ein av dei vidaregåande skulane i Hordaland kan verte gjeve Nelson Mandela sitt namn."

**Røysting**
Skauge sitt forslag a)1 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.
Innstillinga vart vedteken med 29 røyster mot 28 røyster (SV, A, MDG, Sp, SV) for Skauge sitt forslag b).

**Vedtak**

Saka vert teken til orientering.

## PS 43/14 Søknad om fritak frå verv - nyval

**Forslag til innstilling**

1. Ruth Grung vert friteken frå vervet som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. ........................... vert vald som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Sveinung Valle** gjorde framlegg om Astrid F. Selsvold som ny styremedlem.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Ruth Grung vert friteken frå vervet som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Astrid F. Selsvold vert vald som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Ruth Grung vert friteken frå vervet som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Astrid F. Selsvold vert vald som medlem i styret for Bergen Bompengeselskap AS for resten av valperioden 2011 – 2015.

## PS 44/14 Søknad om fritak frå verv i opplærings- og helseutvalet

**Forslag til innstilling**

1. Janne Halvorsen får permisjon frå vervet som varamedlem i opplærings- og helseutvalet for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Som varamedlem i opplærings- og helseutvalet vert ........................ vald for den tida Janne Halvorsen har permisjon.

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Terje Søviknes** gjorde framlegg om Gunnar Bakke som ny varamedlem, og det vert gjort fritak i staden for permisjon.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Janne Halvorsen får fritak frå vervet som varamedlem i opplærings- og helseutvalet for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Som varamedlem i opplærings- og helseutvalet vert Gunnar Bakke vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Janne Halvorsen får fritak frå vervet som varamedlem i opplærings- og helseutvalet for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. Som varamedlem i opplærings- og helseutvalet vert Gunnar Bakke vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

## PS 45/14 Om mandat for utgreiing av 8-13 skule

**Forslag til vedtak**

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til opplæringsavdelinga sitt opplegg for det vidare utgreiingsarbeidet av 8-13-skule

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 13.05.2014**

**Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag på vegner av utvalet:

> «Det oppnevnes saksordfører i saken. Det forutsettes at utgreiingsarbeidet fullføres innen 2014»

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Saka går til fylkestinget.

**Vedtak**

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til opplæringsavdelinga sitt opplegg for det vidare utgreiingsarbeidet av 8-13-skule.

**Innstilling**

................ vert oppnemnd som saksordførar i saka.
Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014**

Det var 13 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga 1. setning skal behandlast i valnemnda før behandling i fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

................ vert oppnemnd som saksordførar i saka.

Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Terje Søviknes** gjorde framlegg om Rosalind Fosse som saksordførar.
**Torill Selsvold Nyborg** gjorde framlegg om Aslaug Hellesøy som saksordførar.

**Røysting**
Søviknes sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 10 røyster mot 1 røyst (KrF) for Selsvold Nyborg sitt forslag.

**Innstilling til fylkestinget**

Rosalind Fosse vert oppnemnd som saksordførar i saka.

Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Rosalind Fosse vert oppnemnd som saksordførar i saka.

Det vert føresett at utgreiingsarbeidet vert fullført innan 2014.

## PS 46/14 Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS - avviklingsstyre

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget oppnemner følgjande som kandidatar til avviklingsstyret i Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS:
......................
......................

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Torill Selsvold Nyborg** gjorde framlegg om Pål Kårbø som styremedlem.
**Sveinung Valle** gjorde framlegg om Øyvind Hardeland som styremedlem.
**Benthe Bondhus** gjorde framlegg om Torill Selsvold Nyborg som styremedlem.

**Røysting**
Selsvold Nyborg sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 6 røyster mot 5 røyster (Sp, A, 1H) for Bondhus sitt forslag.
Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget oppnemner følgjande som kandidatar til avviklingsstyret i Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS:
Pål Kårbø
Øyvind Hardeland

**Saksprotokoll i Fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget oppnemner følgjande som kandidatar til avviklingsstyret i Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS:
Pål Kårbø
Øyvind Hardeland

## PS 47/14 Ny E39 Os-Bergen og E39/Rv 580 Rådalskrysset. Avtale om grunnerverv til kollektivanlegg i Rådalen og massedeponi i Hordnesskogen.

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.06.2014**

**Stein Inge Ryssdal, Torill Selsvold Nyborg** og **Terje Søviknes** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen-Os Bompengeselskap AS. Dei gjekk frå medan spørsmålet om dei var ugilde vart drøfta.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Ryssdal, Selsvold Nyborg og Søviknes ikkje var ugilde.
Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

> "Fylkesutvalet vert gjeve fullmakt til å sluttføre og godkjenne kontrakten.
>
> I samband med p. d) skal det haldast ei synfaring kor både Vegvesenet og lokale relevante partar vert inviterte."

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

> "Nytt punkt 2:
> Hordaland fylkesting ber i tillegg Statens vegvesen foreta en fornyet vurdering av alternativ tilkomst via Fana Stein og Gjenvinning (FSG) frem mot anleggsstart.
>
> Vurderingen må spesielt ta for seg trafikksikkerhet v/Stend jordbruksskule, Hordnesveien og Bjarghallen, samt risko knyttet til tidligere avfallsdeponi v/evt. ny trase over FSG."

**Røysting**
Oen sitt forslag fekk 1 røyst og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

2. Hordaland fylkesting ber i tillegg Statens vegvesen foreta en fornyet vurdering av alternativ tilkomst via Fana Stein og Gjenvinning (FSG) frem mot anleggsstart.

   Vurderingen må spesielt ta for seg trafikksikkerhet v/Stend jordbruksskule, Hordnesveien og Bjarghallen, samt risko knyttet til tidligere avfallsdeponi v/evt. ny trase over FSG.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet vert gjeve fullmakt til å sluttføre og godkjenne kontrakten.

I samband med p. d) skal det haldast ei synfaring kor både Vegvesenet og lokale relevante partar vert inviterte."

Fylkesordføraren la til grunn at Oen sitt forslag var å rekne som eit forslag om å utsetje saka.

Røysting – utsetjingsforslag:
Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

2. Hordaland fylkesting ber i tillegg Statens vegvesen foreta en fornya vurdering av alternativ tilkomst via Fana Stein og Gjenvinning (FSG) fram mot anleggsstart.

   Vurderinga må spesielt ta for seg trafikktryggleik v/Stend jordbruksskule, Hordnesveien og Bjarghallen, samt risiko knytt til tidlegare avfallsdeponi v/evt. ny trase over FSG.

## PS 48/14 Bergen-Os Bompengeselskap as - fylkeskommunal garanti for låneopptak

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap as tar opp til finansiering av E39 Svegatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekkjer seg fram til utgangen av 2038.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.06.2014

**Stein Inge Ryssdal, Torill Selsvold Nyborg** og **Terje Søviknes** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen-Os Bompengeselskap as. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

**Dan Femoen, Pål Kårbø** og **Signe Ulvund** møtte for Ryssdal, Kårbø og Søviknes i saka.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkestinget

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap as tar opp til finansiering av E39 Svegatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekkjer seg fram til utgangen av 2038.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014

**Atle Kvåle, Stein Inge Ryssdal, Torill Selsvold Nyborg** og **Terje Søviknes** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bergen-Os Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 53 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap AS tar opp til finansiering av E39 Svegatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekkjer seg fram til utgangen av 2038.

## PS 49/14 Vigo IKS - val av varamedlem til representantskapet

### Forslag til innstilling

Som varamedlem til representantskapet i Vigo IKS vert .......................... vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

### Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014

**Sveinung Valle** gjorde framlegg om Alexander Fosse Andersen som varamedlem.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Som varamedlem til representantskapet i Vigo IKS vert Alexander Fosse Andersen vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Som varamedlem til representantskapet i Vigo IKS vert Alexander Fosse Andersen vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

## PS 50/14 Konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen - val til prosjektorganisasjon

### Forslag til innstilling

1. Som medlem i konsultasjonsgruppe for konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen oppnemner Hordaland fylkeskommune ................................

2. Til å delta i ideverkstad i samband med konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen vert følgjande oppnemnd: ......................................................

### Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014

**Mona Røsvik Strømme** gjorde framlegg om fylkesordførar Tom-Christer Nilsen som medlem i konsultasjonsgruppe med Stein Inge Ryssdal som varamedlem.
**Sveinung Valle** gjorde framlegg om Atle Kvåle til å delta i ideverkstad.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Strømme og Valle vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Som medlem i konsultasjonsgruppe for konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen oppnemner Hordaland fylkeskommune fylkesordførar Tom-Christer Nilsen som medlem med Stein Inge Ryssdal som varamedlem.

2. Til å delta i ideverkstad i samband med konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen vert følgjande oppnemnd: Atle Kvåle

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Som medlem i konsultasjonsgruppe for konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen oppnemner Hordaland fylkeskommune fylkesordførar Tom-Christer Nilsen som medlem med Stein Inge Ryssdal som varamedlem.

2. Til å delta i idéverkstad i samband med konseptvalutgreiing for logistikknutepunkt i Bergensregionen vert følgjande oppnemnd: Atle Kvåle.

## PS 51/14 Konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda - val til referansegruppe

**Forslag til innstilling**

1. Som medlemer i referansegruppe for konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda oppnemner Hordaland fylkeskommunane følgjande:
   ...................................................
   ...................................................

2. Fylkesrådmannen peikar ut eit medlem frå administrasjonen til referansegruppa.

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Mona Røsvik Strømme** gjorde framlegg om Mona H. Hellesnes som medlem.
**Astrid F. Selsvold** gjorde framlegg om Sveinung Valle som medlem.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Strømme og Valle sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Som medlemer i referansegruppe for konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda oppnemner Hordaland fylkeskommune følgjande:
   Mona H. Hellesnes
   Sveinung Valle

2. Fylkesrådmannen peikar ut eit medlem frå administrasjonen til referansegruppa.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Som medlemer i referansegruppe for konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda oppnemner Hordaland fylkeskommune følgjande:
   Mona H. Hellesnes
   Sveinung Valle

2. Fylkesrådmannen peikar ut eit medlem frå administrasjonen til referansegruppa.

## PS 52/14 Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv

**Forslag til innstilling**

1. Representanten Christopher Beckham vert friteken frå verva som medlem i fylkestinget, medlem i kultur- og ressursutvalet, medlem i administrasjonsutvalet, varamedlem i fylkesutvalet, varamedlem i fylkesvalstyret, varamedlem i valnemnda, styremedlem i Stiftelsen Voss Mylna og medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styremakter i Hordaland for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. For resten av valperioden 2011 - 2015 gjer fylkestinget slike val:

   a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
   ................................................................

   b. Som medlem i kultur- og ressursutvalet vert vald:
   .............................................................

   c. Som medlem i administrasjonsutvalet vert vald:
   ...............................................................

   d. Som varamedlem i fylkesutvalet vert vald:
   .................................................................

   e. Som varamedlem i fylkesvalstyret vert vald:
   ..................................................................

   f. Som varamedlem i valnemnda vert vald:
   ....................................................................

   g. Som styremedlem i Stiftelsen Voss Mylna vert vald:
   .........................................................

   h. Som medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styresmakter i Hordaland vert vald:
   ..........................................................

**Saksprotokoll i Valnemnda - 11.06.2014**

**Sveinung Valle** sette fram slikt forslag:

2. For resten av valperioden 2011 - 2015 gjer fylkestinget slike val:

   a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
   Øyvind Hardeland

   b. Som medlem i kultur- og ressursutvalet vert vald:
   Inger Johanne Seim

   c. Som medlem i administrasjonsutvalet vert vald:
   Atle Kvåle

   d. Som varamedlem i fylkesutvalet vert vald:
   Anne-Line Innvær

   e. Som varamedlem i fylkesvalstyret vert vald:
   Anne-Line Innvær

   f. Som varamedlem i valnemnda vert vald:
   Toralv Mikkelsen

   g. Som varamedlem til styret i Stiftelsen Voss Mylna vert vald:
   Inger Johanne Seim

h. Som medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styresmakter i Hordaland vert vald:
Inger Johanne Seim

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaget frå Valle sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Representanten Christopher Beckham vert friteken frå verva som medlem i fylkestinget, medlem i kultur- og ressursutvalet, medlem i administrasjonsutvalet, varamedlem i fylkesutvalet, varamedlem i fylkesvalstyret, varamedlem i valnemnda, styremedlem i Stiftelsen Voss Mylna og medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styremakter i Hordaland for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. For resten av valperioden 2011 - 2015 gjer fylkestinget slike val:

   a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
   Øyvind Hardeland

   b. Som medlem i kultur- og ressursutvalet vert vald:
   Inger Johanne Seim

   c. Som medlem i administrasjonsutvalet vert vald:
   Atle Kvåle

   d. Som varamedlem i fylkesutvalet vert vald:
   Anne-Line Innvær

   e. Som varamedlem i fylkesvalstyret vert vald:
   Anne-Line Innvær

   f. Som varamedlem i valnemnda vert vald:
   Toralv Mikkelsen

   g. Som varamedlem til styret i Stiftelsen Voss Mylna vert vald:
   Inger Johanne Seim

   h. Som medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styresmakter i Hordaland vert vald:
   Inger Johanne Seim

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Sveinung Valle** gjorde slikt framlegg om endring i punkt g): Inger Johanne Seim vert vald som varamedlem til styret i Stiftelsen Voss Mylna.

**Røysting**
Innstillinga med Valle sitt forslag vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Representanten Christopher Beckham vert friteken frå verva som medlem i fylkestinget, medlem i kultur- og ressursutvalet, medlem i administrasjonsutvalet, varamedlem i fylkesutvalet, varamedlem i fylkesvalstyret, varamedlem i valnemnda, styremedlem i Stiftelsen Voss Mylna og medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styremakter i Hordaland for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. For resten av valperioden 2011 - 2015 gjer fylkestinget slike val:

   a. Medlem i fylkestinget etter opprykk:
   Øyvind Hardeland

b. Som medlem i kultur- og ressursutvalet vert vald:
   Inger Johanne Seim

c. Som medlem i administrasjonsutvalet vert vald:
   Atle Kvåle

d. Som varamedlem i fylkesutvalet vert vald:
   Anne-Line Innvær

e. Som varamedlem i fylkesvalstyret vert vald:
   Anne-Line Innvær

f. Som varamedlem i valnemnda vert vald:
   Toralv Mikkelsen

g. Som varamedlem til styret i Stiftelsen Voss Mylna vert vald:
   Inger Johanne Seim

h. Som medlem i kontaktutvalet for innvandrarar og styresmakter i Hordaland vert vald:
   Inger Johanne Seim

## PS 53/14 Ymse

**Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.06.2014**

**OPNING AV FYLKESTINGET**

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Jostein Ljones og Aslaug Hellesøy valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt minneord om Hans Halden.

Ordførar i Voss kommune, Hans Erik Ringkjøp, helste fylkestinget.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Kst. fylkesrådmann heldt sin tale.

**ORDSKIFTET ETTER TALANE**

Etter talane var det ordskifte. 12 representantar hadde ordet.

I samband med talane til fylkestinget sette **Nils-Olav Nøss** fram slikt forslag til fråsegn:

> "**Regjeringa sviktar Hordaland i Kommuneproposisjonen!**
> Regjeringa la 14. mai fram Kommuneproposisjonen for 2015, og forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane.
>
> Forslaget til nytt inntektssystem får store verknader for Hordaland. Vi får ein omfordelingseffekt i inntektssystemet som for Hordaland fylkeskommune utgjer eit nedtrekk på 122 millionar kroner etter at overgangsordningane er avslutta. Samtidig får Oslo ein auke på 597 millonar kroner. Omfordelinga mellom Oslo og dei andre fylkeskommunane i dette forslaget, er vanskeleg å forstå og grunngje.
>
> I det nye systemet tapar Hordaland fylkeskommune inntekter på:
> - Vidaregåande opplæring (-23,4 mill.)
> - Tannhelse (-2,6 mill.)
> - Buss og bane (-123,9 mill.)
> - Båt og ferje (-58,6 mill.)

Sjølv om Hordaland fylkeskommune får ei positiv løyving på 108,2 millionar til fylkesvegar, er totalbeløpet på samferdsel åleine på -74,3 millionar. Det er uforståeleg for oss at til dømes Rogaland får dobbelt så stor økonomisk utteljing for båtruter som Hordaland.

Hordaland fylkesting krev at Regjeringa tar tak i den tydelege skeivdelinga av inntekter som det nye inntektssystemet medfører. Regjeringa må gå igjennom fordelinga av inntekter på nytt med sikte på å omfordele midlar frå Oslo og andre som har fått stor auke i midlar som omfordelingseffekt. Slik proposisjonen no framstår, er det ei kraftig prioritering av hovudstaden framfor andre. Dette er opplever vi som sterkt urimeleg."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

29 av representantane (H, Frp, V) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning, som seier at det kan gjerast vedtak i sak som ikkje står på saklista dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget gjev Cornerteateret eit eingongstilskot på 250.000. Vert dekt av overskot driftrekne-skapen."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

29 av representantane (H, Frp, V) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla.

**Tom Skauge** fram slikt forslag:

"Fylkestinget beklager at Regjeringen har valgt å fremme fergeløs E39 som statlig reguleringsplan.
Denne sentraliseringen svekker kommunene og andre legitime interessers mulighet for å fremme
alternative forslag og sikre bred lokal forankring for gode planer."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

53 av representantane (H, V, Frp, A, Sp, SV, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla.

## PRESENTASJONAR

### Fylkestinget - 11.06.2014

**Deloitte v/ Line Johansen** presenterte revisjonsrapporten i samband med sak 22/14: Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet – revisjonsrapport.

### Fylkestinget - 12.06.2014

### Orientering frå næringsorganisasjonar i Hordaland

Følgjande presenterte verksemda si for fylkestinget:

| Arbeidsstad | Etternamn | Fornamn | Stilling |
|---|---|---|---|
| Atheno AS | Lien | Åge | Adm. direktør |
| Business Region Bergen | Hope | Ole | Adm. direktør |
| Bergen Reiselivslag | Warberg | Ole | Reiselivsdirektør |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | Gjerde | Gro Jensen | Dagleg leiar |
| Hardangerrådet IKS | Vambheim | Leiv | Dagleg leiar |
| Region Norhordland | Heradstveit | Rune | Dagleg leiar |
| CONNECT | Elvestad | Hege | Dagleg leiar |
| Fjord Norge AS | Jørgensen | Kristian | Adm. direktør |
| Fiskeriforum Vest | Hoel | Tanja | Dagleg leiar |
| Destinasjon Voss AS | Bahus | Tom Erling | Dagleg leiar |
| Fuzz AS | Rognaldsen | Tor Ole | CEO/CFO/COO |
| Gode Sirklar | Nilsen | Sverre Konrad | Arbeidande styremedlem |
| HOG Energi | Lunde | Ove | Dagleg leiar |
| Industriutvikling Vest AS | Brundtland | Børge | Dagleg leiar |
| Maritimt Forum | Andersen | Susanne Rislå | Dagleg leiar |
| Media Region Bergen / Mediarena | Opsvik | Stig Frode | Dagleg leiar |
| NCE Tourism | Bårtvedt | Randi | Hovudprosjektleiar |
| Osterfjord Næringssamarbeid | Mjøs | Lars | Sekretariat |
| Reisemål Hardanger Fjord AS | Andersen | Hans Jørgen | Reiselivsdirektør |
| UPTIME Centre of Competence | Vindenes | Knut | Dagleg leiar |
| Design Region Bergen | Hannestad | Monica | Direktør |